



Det kongelige kunnskapsdepartement

Dykkar ref.: Vår ref.: 10/1608-2

Arkiv: K2-A00, K3-&13

Dato: 29.12.2010

## **HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOV OG PRIVATSKULELOV - KOMPETANSEREGLAR M.M.**

Rektorar og skuleeigar i Giske kommune har diskutert dei punkta som gjeld grunnskulen i høyringsnotatet.

### **Innføre krav om kompetanse for undervisning i opplæringslova og privatskulelova.**

- Dette er ei ønska utvikling.
- Ser ut til å vere gode overgangsordningar for lærarar med utdanning frå tidlegare krav.
- Viktig med fleksible ordningar for mindre skular for å få personalkabalen til å gå opp, og samtidig kunne ha eit stabilt personale.
- Dilemma kan vere dersom lærarar med mykje studiepoeng skal bli tilsett framfor ein betre eigna lærar med mindre poeng. Dette kan bli problem med sterke organisasjonar inne i bildet.
- Auka lønskostnadar kan bli ei utfordring, særskilt for ungdomsskulane som treng fleire lektorar. Dette er noko staten og skuleeigar må ta høgde for.

### **Innføre vedtak om politiattest ved skuleliknande aktivitetstilbod samt endre vedtaka i opplæringslova og privatskulelova om politiattest i forbindelse med ny politiregisterlov.**

- Politiattest er viktig for alle som arbeider med barn både i barnehage, skule, SFO og kulturskule. Elles ingen innspel.



**GISKE KOMMUNE**  
Staben

**Endre vedtaka i opplæringslova om tilsyn som følge av ny tilsynsordning etter kommunelova.**

- Viktig å vite i god tid om det er tilsyn eller rettleiing som er målet.

Med helsing

Oddfrid Reinlund  
pedagogisk konsulent - skule  
tlf.: 70 18 80 30  
e-post: [odre@giske.kommune.no](mailto:odre@giske.kommune.no)

Vedlegg: